

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 4. mai 2022
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: **post@kontrollutvalgene.no**

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Dagleg leiar i Krisesenter Vest IKS er invitert i sak 11
Kommunedirektøren er invitert i sak 12 - 14
I etterkant av møtet vil revisor halde eit «minikurs» om eigarskapskontroll

SAKLISTE:

- 09/22 Godkjenning av protokoll frå møte 26.01.22**
- 10/22 Referat- og orienteringssaker 04.05.22**
- 11/22 Krisesenter Vest IKS – orientering om selskapet**
- 12/22 Uttale til rekneskap og årsmelding for 2021**
- 13/22 Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2021 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga**
- 14/22 2. gongs oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Økonomistyring innan helse og omsorg»**

Ymse

Ølen/Aksdal, 27.04.22

Kristian H. Risset (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie (sign)
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	04.05.22	09/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.01.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 26.01.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 26.01.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 26.01.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 27.04.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **26. januar 2022** blei det halde digitalt møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Ressel.

MØTESTAD:	Teamsmøte
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 17.30
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Ressel (BBL), Eivind Hetland (Krf), Anne Tone Salte Andersen (H), Olaug Mari Øen (Sp) og Knut Severin Berge (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård og statsaut. revisor Deanne Kvammen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Ole Johan Vierdal (Sp) t.o.m. sak 3. Styreleiar Elling Hetland og dagleg leiar Morten Helland, Vindafjord Tomteselskap AS i sak 3
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 01/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.11.21****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 17.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Leiar sakna framleis utvalet sine saksdokument i politikarportalen på kommunen si nettside. Utvalet stetta leiar sitt framlegg om å be sekretariatet ta kontakt med administrasjonen på ny, og be dei sørge for at dette kjem på plass så snart som mogleg.

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 17.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Vindafjord kontrollutval ber sekretariatet ta kontakt med administrasjonen og be dei sørge for at utvalet sine saksdokument blir lagt i politikarportalen på kommunen si nettside, og at dette kjem på plass så snart som mogleg.

SAK 02/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 26.01.22

1. Statusrapport pr. januar 2022
2. Oversikt over kostnadene til kontroll og revisjon 2021
3. Tertialrapport pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon IKS
4. KST-vedtak 14.12.21, sak 80/21 – rapport «Internkontroll i barnehage og skule»
5. Protokoll frå repr. møte i HIM IKS 02.12.21
6. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Vekst IKS 10.12.21
7. Konferansen i Sandnes 02.12.21 v/sekretær
8. Statsforvaltar i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunane i 2022
9. Rogaland fylkeskommune v/kontrollsjef – forvaltn. rev. rapport «Haugalandspakken»
10. Haugesunds Avis om fylkestingsbehandling av rapport i møtet 14.12.21, sak 131/21
11. Fylkestingets behandling og vedtak 14.12.21, sak 131/21
12. Forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken»

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Leiar gjorde kort greie for referatsakene. Nestleiar meinte konferansen i Sandnes hadde vore interessant og lærerik. Leiar og ordførar kommenterte forvaltningsrevisjonsrapporten om «Haugalandspakken». Leiar meinte rapporten burde sendast vidare til kommunestyret. Medlemmene stetta han i det.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Referatsaker 1 - 12 blir tatt til orientering.

Og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten om «Haugalandspakken» til etterretning.

SAK 03/22 VINDAFJORD TOMTESELSKAP AS - ORIENTERING OM SELSKAPET**Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå Vindafjord Tomteselskap AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Leiar og nestleiar hadde på vegne av utvalet laga følgjande spørsmål, som var sendt til selskapet og dei andre utvalsmedlemmene på førehand:

Vi hadde sett pris på ei kort innleiing med bakgrunn for opprettinga av tomteselskapet med kommunen som stor deleigar.

Korleis vurderer Vindafjord tomteselskapet sin eigen status pr. i dag og for framtida i høve til verksemda sitt formål? Framtidsutsikter/utfordringar?

Korleis ser tomteselskapet på marknaden og tilhøvet til andre aktørar/eigedomsutviklarar for områder i Vindafjord?

I kva grad blir tomteselskapet si verksemd påverka av kommunen sin eigarskapstrategi og politiske mål (kommuneplan o.l.)?

I kva grad føler tomteselskapet at kommunen utøver sitt eigarskap i verksemda - aktivt/passivt, positive/negative sider ved kommunen som stor deleigar?

I kva grad er det samhandling mellom kommune og tomteselskap når det gjeld å vurdere behov og faktisk utvikling av tilgjengelege tomter og eigedomar? Har Vindafjord Tomteselskap vore aktive med innspel til det pågåande kommuneplanarbeidet?

Styreleiar Elling Hetland og dagleg leiar Morten Helland orienterte om selskapet og svara på spørsmåla frå utvalet. Tomteselskapet vart etablert i 2009 og største eigar er Vindafjord kommune. Dei andre eigarane er private selskap.

Årsaka til at selskapet vart oppretta var eit ønskje om å leggja til rette for meir bustadbygging i kommunen. Selskapet har utvikla ca. 190 tomter, av desse er ca. 120 selde. Tomteselskapet skal vere ein tilretteleggjar og ikkje ein konkurrent.

Selskapet styrer etter politiske mål og dei formåla som er sett for selskapet. Det er vanskeleg å innfri alle forventningar og det økonomiske handlingsrommet er ei utfordring. Det er kostbart å utvikle nye felt/tomter, det bind mykje kapital og det tar tid å få seld tomtene.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna næringstomter, alternativ plan for å oppfylgja formålet, sal/tilrettelegging av alternative bustadar (ikkje berre einebustadtomter) og nye aktuelle tomteområde.

Leiar takka for ein god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå Vindafjord Tomteselskap AS til orientering.

SAK 04/22 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN OG KOMMUNALE SELSKAP

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

26.01.22	Vindafjord Tomteselskap AS
04.05.22	
01.06.22	

07.09.22
 05.10.22
 16.11.22

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Leiar innleie om saka. Medlemmene fremma at dei ønskte orientering frå følgjande: Krisesenter Vest IKS, Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, Medvind24 Næringshage AS, Landbrukets Hus Vindafjord AS, barnevernet og EVIKT (it-samarbeid med Etne).

Utvalet ønskte å utarbeida spørsmål til dei inviterte. Forvaltningsrevisor blei beden om å undersøkje om dei kunne hjelpa til med å utforma spørsmåla. Leiar og nestleiar fekk fullmakt til å utforma spørsmål i forkant av neste møte.

Utvalet blei samd om å invitera Krisesenter Vest IKS til maimøtet, og Landbrukets Hus Vindafjord AS til junimøtet.

Utvalet vil kome tilbake til saka i junimøtet for å velja kven som skal orientera til hausten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

26.01.22 *Vindafjord Tomteselskap AS*
 04.05.22 *Krisesenter Vest IKS*
 01.06.22 *Landbrukets Hus Vindafjord AS*
 07.09.22
 05.10.22
 16.11.22

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Utvalet kjem attende til saka i junimøtet, for å velja kven som skal orientera hausten 2022.

SAK 05/22 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS-PROSJEKT – «DIGITALISERING OG IKT»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Oppfølging av førespurnader til kommunen» i samsvar med vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Leiar innleia og fremma at utvalet burde tinga eit forvaltningsrevisjonsprosjekt og ein eigarskapskontroll. Forvaltningsrevisor meinte det ikkje var mogleg å ha eit eigarskapskontrollprosjekt på berre 50 timar. Leiar meinte det kunne vere interessant å få meir kunnskap om eigarskapskontroll og ønskte at revisor kursa utvalet om dette emnet i neste møte.

Medlemmene drøfta prosjektmandatet og peika på at det var nokre feil i saksframlegget. Prosjektet skal heite, og ha fokus på «Digitalisering og IKT». Medlemmene og forvaltningsrevisor drøfta problemstillingane. Utvalet meinte det er viktig å få med kommunen sitt informasjonsansvar i problemstillingane og at hovudfokus for prosjektet skulle vere innan helse- og omsorg og plan- og byggsaker.

Forvaltningsrevisor noterte seg innspela.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Digitalisering og IKT» i samsvar med vedlagte prosjektmandat og med hovudfokus på helse- og omsorg og plan- og byggsaker.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

Vindafjord kontrollutval ønskjer opplæring/minikurs om eigarskapskontroll i møtet 04.05.22 i regi av revisor.

**SAK 06/22 REVISOR SINE RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGAR
– FORENKLA ETTERLEVINGKONTROLL FOR 2021****Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Rekneskapsrevisor Deanne Kvammen orienterte og viste ein presentasjon. Ho gjorde greie for bakgrunn og lovgrunnlag for denne kontrollen. Kvammen viste døme på aktuelle område for ein etterlevingskontroll. Revisor meinte at utifrå deira vurderingar var offentlege anskaffingar det mest aktuelle område i år.

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

SAK 07/22 KONTROLLUTVALET SIN ÅRSPLAN FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringer/tillegg).

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til planen slik den var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Vindafjord kontrollutval godkjenner årsplan for 2022.

SAK 08/22 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2021

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2021 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 26.01.22:

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.01.22:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2021.

og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 04.05.22, kl. 15.00

Førebels saker: orientering frå Krisesenter Vest IKS, kommunen sin årsrekneskap og årsmelding og forenkla etterlevingskontroll. I etterkant av møtet: opplæring/minikurs i regi av revisor om eigarskapskontroll.

Ølen/Aksdal, 26.01.22

Kristian H. Ressel
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	04.05.22	10/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 04.05.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 13 – 25 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

13. Statusrapport pr. mai 2022
14. E-post frå Erling Halleraker og Stig Hetland vedk. svar frå Statsforvaltaren - ber om stopp i feil bruk av regulert areal ved Vikedal båthavn.
15. Grunngitte spørsmål og interpellasjonar – Vindafjord kommunestyret 22.03.22, sak 12/22
16. Økonomirapport for kontroll og tilsyn pr. mai 2022
17. KST-vedtak 15.02.22, sak 05/22 – forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken»
18. KST-vedtak 15.02.22, sak 06/22 – Kontrollutvalet si årsmelding 2022
19. Oppdatert prosjektmandat «Digitalisering og IKT» frå RR 20.04.22
20. Representantskapsmøte 20.04.22 – IKA Rogaland IKS
21. Representantskapsmøte 22.04.22 – Haugaland brann og redning IKS
22. Representantskapsmøte 25.04.22 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
23. Representantskapsmøte 29.04.22 – Haugaland Vekst IKS
24. Generalforsamling 29.04.22 – Haugaland Kraft AS
25. Invitasjon til FKT-fagkonferanse 8. – 9. juni på Lily Country Club Hotel, Kløfta – nestleiar er påmeldt.

Vedk. pkt. 14

Kontrollutvalet v/utvalsleiar fått tilsendt ein e-post frå Erling Halleraker og Stig Hetland.

Saka dreier seg om ulovleg bruk av regulert område ved Vikedal båthavn, og dei har sendt oppmoding om stopp i ulovleg bruk av regulert areal. Halleraker og Hetland har spesielt bedt om at dette blir offentleggjort på kommunen sine postlister ihht. offentlegghetsloven.

Utvalsleiar har i e-post 17.03.22 sendt følgjande svar til Halleraker og Hetland:

Eg tolkar dette som ei oppmoding om at Vindafjord kontrollutval vurderer om saka høyrer inn under utvalet sitt arbeidsområde. Videresender denne til kontrollutvalgssekretariatet, samt nestleiar i utvalet til orientering. Ber om at dette brevet tas med som orienteringssak på neste møte.

Kontrollutvalet har sitt neste møte 4. mai. Kontrollutvalet har ikkje mandat til å diktere administrasjonen i høve til korleis dei utfører sitt arbeid. Likevel er problematikken rundt registrering i postlister og kommunikasjon med kommunen som avsendaren reiser veldig relevant for pågåande forvaltningsrevisjon rundt kommunen sin kommunikasjon i høve til førespurnader. Eg ber difor sekretariatet videresende mailen til forvaltningsrevisor Rogaland Revisjon som eit døme på det som ligg innafor revisjonstema, i fall det kunne vera av nytte for revisor i høve til spissing/fokus på problemstilling.

Utvalet er ikkje eit klageorgan og skal heller ikkje handsama klagesaker. Kontrollutvalet kan ta med seg slike saker vidare eller be om ei orientering frå kommunedirektøren dersom utvalet meiner det er ein indikasjon på at problemstillingane er å rekne som ein av fleire systemfeil.

Utvalet må vurdere om dette er ei sak som høyrer under utvalet sitt mandat, jf. kommuneloven § 23-2.

Utvalsleiar ønskjer at kommunedirektøren orienterer munnleg i møtet om registrering i postlister og kommunikasjon med kommunen som avsendar og bruk av arkivnøklar som gjer at journalføring ikkje kjem fram i postlistene.

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 27.04.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt mai 2022 - kontrollutvalet

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Digitalisering og IKT	26.01.22	200 timar	Prosjektet er tinga	Hausten 2022	
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Internkontroll i barnehage og skule	03.02.21	27.10.21	14.12.21	07.09.22	9 tilrådingar/ Deloitte AS
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	04.11.20	15.12.20	05.05.21/ 22.06.21/ 04.05.22	Ny oppfølging i mai 2022

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for eigarskapskontroll	20.11.20	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Plan for forvaltningsrevisjon	20.11.19	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Rus- og psykiatritenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20/ 22.09.20	Avslutta
IKT og informasjons-tryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/ 28.05.19	Avslutta
Samhandlingsreforma	16.11.16	13.09.17	31.10.17	25.04.18/ 29.05.18	Avslutta

Orienteringar	Bestilt	Møtedato
Landbrukets Hus Vindafjord AS	26.01.22	01.06.22
Krisesenter Vest IKS	26.01.22	04.05.22
Vindafjord Tomteselskap	17.11.21	26.01.22
Orientering frå samfunnsutviklar	16.06.20	08.09.21
Orientering frå personalsjef	16.06.20	16.06.21
Orientering frå økonomisjef	16.06.20	05.05.21
Orientering om helse og omsorg	16.06.20	03.02.21
Orientering om oppvekst	16.06.20	04.11.20
Orientering frå kommunedirektøren	16.06.20	09.09.20

Prioriterte prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll

Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt:

1. Internkontroll og kvalitetssystem, bestilt i møte 03.02.21, sak 5/21
2. Investeringar
3. Barnevernstenesta
4. Digitalisering og IKT
5. Plan- og byggesak

Prioriterte prosjekter for eigarskapskontroll:

1. Vindafjord tomteselskap AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Arbeidsmarknadsbedrifter
4. Haugaland brann og redning IKS

Emne **Re: Ref. svar frå Statsforvaltaren. Ber om stopp i feil bruk av regulert areal ved Vikedal båthavn.**

Avsender Kristian Risset <kristian@resset.no>

Mottaker Odd Gunnar Høie <ogh@kontrollutvalgene.no>, Toril Hallsjø <tha@kontrollutvalgene.no>

Kopi til Kristian Risset <kristian@bjoa.bygdeliste.no>, stig.hetland <stig.hetland@lyse.net>, Erling Halleraker <erling.halleraker@gmail.com>, Anne Tone Salte Andersen <salte.andersen@haugnett.no>

Dato 17.03.2022 10:22

Eg tolkar dette som ei oppmoding om at Vindafjord kontrollutval vurderer om saka høyrer inn under utvalet sitt arbeidsområde. Videresender denne til kontrollutvalssekretariatet, samt nestleiar i utvalet til orientering.

Ber om at dette brevet tas med som orienteringssak på neste møte.

Kontrollutvalet har sitt neste møte 4. mai. Kontrollutvalet har ikkje mandat til å diktere administrasjonen i høve til korleis dei utfører sitt arbeid. Likevel er problematikken rundt registrering i postlister og kommunikasjon med kommunen som avsendaren reiser veldig relevant for pågåande forvaltningsrevisjon rundt kommunen sin kommunikasjon i høve til førespurnader. Eg ber difor sekretariatet videresende mailen til forvaltningsrevisor Rogaland Revisjon som eit døme på det som ligg innafor revisjonstema, i fall det kunne vera av nytte for revisor i høve til spissing/fokus på problemstilling.

Mvh
Kristian H. Risset
kontrollutvalsleiar

On Tue, Mar 15, 2022 at 12:52 PM Erling Halleraker <erling.halleraker@gmail.com> wrote:
Hei.

Ref. sak om ulovleg bruk av regulert område ved Vikedal båthavn.

Har sent oppmoding av stopp i ulovleg bruk av regulert areal.

Har spesielt bedt om at dette denne gang blir offentleggjort på kommunen sine postlister ihht. offentleghetsloven.

Det er nå ei veke sidan eg sente denne oppmodinga, det er pr dd. ikkje ofentligjort på kommunen sine postlister.

Håpar du som sit i kontrollutvalget er villig til å følge opp denne saka, slik at den blir offentleggjort på kommunen sine postlister ihht. Ofentlegghetsloven, slik at offentligheten til ein viss grad kan få informasjon om dette.

Sjå mail sent 08.03. Til Anne Sofie Sandvik, postmottak og kopi til ordførar.

Mvh Erling Halleraker

Videresendt melding:

Fra: Erling Halleraker <erling.halleraker@gmail.com>

Dato: 8. mars 2022 kl. 18:10:30 CET

Til: Anne Sandvik

<anne.sofie.sandvik@vindafjord.kommune.no>, postmottak@vindafjord.kommune.no

Kopi: ole.johan.vierdal@vindafjord.kommune.no, Marit Ilstad

<Marit.Overland.Ilstad@vindafjord.kommune.no>, "stig.hetland" <stig.hetland@lyse.net>

Emne: Ref. svar frå Statsforvaltaren. Ber om stopp i feil bruk av regulert areal ved Vikedal båthavn.

Sender denne ein gang til, då pdf vedlegget var skada på mail som vart sent kl 17:31.

Ref. svar frå Statsforvaltaren, sak 2021/7490, angående feil bruk av regulert området ved Vikedal båthavn med tilstøytande områder.

Det saka gjeld noko komprimert:

- Brudd på plan og bygningsloven, her under gjeldende reguleringsplan.
- Brudd på offentlighetsloven, då berre deler av henveldelsene til kommunen / svar fra kommunen er offettliggjort på kommunen sine postlister i denne saka.
- Brudd på alkohol loven ved at bobilgjestene nyter alkoholholdige drikkevarer på offentlig område, fra tidlig ettermiddag til langt på natt.
- Brudd på kommunalplan om tilretteleggjing og tilgang til friområder og friluftsliv.
- Brudd på hovedintensjonen med allemannsretten, fri ferdsel og tilgang til friområder.
- Brudd på Fylkesplan for friluftsliv for born og vaksne.
- Brudd på sentrale og lokale forventningar om disponering av areal til grønne lunger og tilgang til friluftsområder.

Ser av vedlagt svar frå Statsforvaltaren, ikkje kjem til å foreta lovlegkontroll NÅ, for feil bruk av landarealet ved båthavna i Vikedal. Dette bl.a. på bakgrunn av at kommunen nå skriv at ein ny revisjon av reguleringsplanen som skal utarbeidast og som skal vera slutført, seinast innan utgangen av 2023.

Ser like vel at Statsforvaltaren fastslår at bruken av landarealet er i strid med gjeldande reguleringsplan, og at fortsatt feil bruk av gjeldande reguleringsplanføremål, like fult vil vera ulovleg.

Bakgrunnen for at me og alle dei nermaste naboane til båthavna, fastbuande og fritidsbustad-naboar, er imot denne feil bruken av området nå i 10 - 15 år, er at me har hatt og har store plager med denne uoffisielle campingplassen. Dette har me grundig beskreve i tidligare korespondanse og møte med kommunen og båtforeningen. Korespondansen kan framskaffast om ynskjeleg.

Ber ut i frå dette om at Vindafjord kommune som er eigar av dette området, og skal forvalte rett bruk av også denne reguleringsplanen, stoppar denne ulovlege feilbruken, som bubilcamping på båthavna. Sjå til at det kun vart parkering som vist på kart over dette regulerte området ihht. reguleringsplanen, då med inntil 10 bilar, som gjeldande reguleringsplan tilseier. Ber også om at kommunen pålegg båtforeningen å rydde opp i all skrot og rot på friområdet.

Ber om at dette vart gjort gjeldande frå nå av.

Så får framtida vise kva den reviderte reguleringsplanen vil vise, når den forelegg og er godkjent. Her skal i følge Statsforvaltaren også berørte naboar involverast i denne prosessen.

Så får me berre håpe at ikkje også dette området blir kommersialiserast i revidert reguleringsplan. Området skulle være ei grøn lunge ut mot sjøen og fjorden, slik det vart utala ifm. reguleringsplan prosessen i tidsrommet 1997 til 2003. Angående friområdet og denne grønne lunga mot fjorden var det bygdefolket som bl.a. med underskriftskampanje, var ein aktiv pådrivar av å få til, i den nåverande reguleringsplan.

Denne grønne lunga vart det dessverre ikkje noko av.

Det friområdet blir brukt til i dag, er opplagsplass for rot og skrot, parkering av båttraller, båtar i opplag om vinteren, parkering, etablering av ein ekstra veg til Holmen, bobilcamping, oppgrusa åpen plass med sandråk om sommaren. Dette er den «grønne lunga» ned mot fjorden.

Det vil virke svært uheldig om kommunen tillet fortsatt ulovleg bruk av området, før ein ny revidert reguleringsplan forelegg, det ville i så måte vera imot vanleg praksis i liknande saker frå andre kommunar. Det ville også svekka den alminnelege tilliten innbyggjarane bør ha til kommunen som forvaltningsorgan.

Ein fortsatt ulovleg bruk med kommunen sin godkjenning, ville dessutan tatt seg dårleg ut, om dagspressa skulle fatte interesse for saka.

Ber om at kommunen spesielt merka seg det Statsforvaltaren skriv i dei to første avsnitta på side 3, sitat:

Statsforvaltaren påpeikar at sjølv om kommunen ikkje har gjennomført reguleringsplanens formål om offentlig friområde medfører ikkje det at den er falt bort. Eventuell bruk i strid med gjeldande reguleringsplanføremål vil like fult vera ulovleg.

At kommunen vel å ikkje følgje opp såpass omfattande, langvarig bruk på eigen eigedom synest å vere kretikkverdig. Ein slik praksis er egna til å svekke tilliten til forvaltninga. Det reiser og spørsmål ved likebehandling og rettstryggleik for innbyggjarane, som ikkje har høve til å komme med høyringsfråsegn eller klage, grunna kommunens framgangsmåte. Sitat slutt.

Å drive ein bubil campingplass i et båthavnområde som ikkje er regulert til formålet, er svært uheldig på fleire måtar. Det er ikkje blitt søkt om bruk til dette formålet, då heller ikkje blitt godkjent til det formålet. Tilsynsmyndigheter utfører ikkje nødvendige kontrollar, og tilsyn av at regelverket blir fylgt, som andre campingplassar er underlagt. Dette gir ikkje likhet for loven i forhold til andre campingplasser og neringsdrivande, som må og skal forhalde seg til lovverket.

Vikedal båtforening har ein 20 årig avtale med kommunen. Denne avtalen er signert av dåverande leiar i båtforeningen og dåverande ordførar. Avtalen består av 6 punkter.

Punkt 3. Her står bl.a **at senteret skal drivast på ein forsvarleg og naturvenlig måte der det skal takast omsyn til så vel brukarar som naboar til anlegget. Arrangement som kjem i vegen for dette skal kunne stoppast av kommunen. Ålmenta skal ha fri tilgang til båtsenteret.**

Punkt 5 står fyljande: **Iverksetjing av den til ei kvar tid gjeldande reguleringsplan for området er overordna denne avtalen.** Sitat slutt. Ny avtale skal signerast innan 03.03.23. Det er viktig då at politikkarane er godt orientert.

Også denne godkjente og signerte avtalen tilseier at det er reguleringsplanen som er styrande.

PS. Ber om at denne oppmodinga vart offentleggjort på kommunen sine postlister denne gang, i motsetning til ein del tidligare korespondanse med kommunen i denne saka. Ihht. offentleghetslova.

Vedlegg svar frå statsforvaltaren.

Mvh to av naboane til båthavna Erling Halleraker / Stig Hetland



VINDAFJORD KOMMUNE

Dato: 14.03.2022

Arkivsak-ID.: 22/779

JournalpostID: 22/6096

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/22	Kommunestyret	22.03.2022

Grunngitte spørsmål og interpellasjonar

Kommunestyret 22.03.2022:

Behandling:

Framlegg til vedtak frå repr Risset (BB) til interpellasjon

"Rapportering av kvalitet og tenestenivå innafor pleie og omsorg":

Kommunestyret i Vindafjord ber kommunedirektøren innføre eit avsnitt «Status tenestekvalitet» innafor rammeområde «Helse og omsorg» i tertialrapport. Ved kvar rapportering bør det som minimum opplyst for perioden:

- Tal på tenestemottakarar av heimetenester i eigen heim, fordelt på indre og ytre sone
- Tal på tenestemottakarar av heimetenester i kommunal omsorgsbustad, fordelt på indre og ytre sone
- Tal på tenestemottakarar av langtidsplasser i institusjon
- Kor mange søknader om langtidsplass og heimetenester kommunen har motteke og kor mange som er innvilga/avslått
- Tal på klager på vedtak fatta etter søknad om langtidsplass og heimetenester
- Kor mange tenestemottakarar som er innvilga langtidsplass, men som ventar på å få denne tildelt (venteliste)
- Tal på tenestemottakarar av korttidsplass i institusjon
- Gjennomsnittleg, kortaste og lengste varighet på opphald i korttidsplass
- Tal på klager på tenestekvalitet i heimetenester og institusjon
- Tal på avvik på tenestekvalitet meldt inn i heimetenester og institusjon
- Tal som syner bruken av innkjøpte vikartenester

Kommunestyret ber om at denne rapporteringa vert inkludert frå og med rapport for 1. tertial 2022.

Forslag til vedtak frå Sp, Ap og Krf v/Jan Idar Haugen:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å legge fram sak på bakgrunn av interpellasjon i KS, 22. mars 2022, sak 012/22, «Rapportering av kvalitet og tjenestenivå innafor pleie og omsorg». Saka skal handsamast i Opom og i Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting, før den kjem til kommunestyret.

Repr Risset (BB) trekte sitt forslag til vedtak før behandling.

Forslaget frå Sp, Ap og Krf samrøystes vedtatt.

KS- 012/22 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å legge fram sak på bakgrunn av interpellasjon i KS, 22. mars 2022, sak 012/22, «Rapportering av kvalitet og tjenestenivå innafor pleie og omsorg». Saka skal handsamast i Opom og i Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting, før den kjem til kommunestyret.

Grunngitt spørsmål frå Vindafjord Høgre v/Åge Opheim:

Fylkesveg 514 frå Sandeid kjem ned i kryss ut på E134 i Eiodalen. Tidlegare var det her eit Y- kryss som av statens vegvesen (SSV) blei vurdert å vere så trafikkfarleg at det blei løyvd midlar til utbetring av dette krysset.

I samband med denne saken blei det spelt inn at krysset frå E134 ned på fylkesveg 4760 ned mot Ølen sentrum var eit like trafikkfarleg kryss.

I tillegg til at begge kryss var trafikkfarlege blei det og lagt trykk på at dette var særleg utfordrande då desse kryssa låg så nære kvarandre.

Det blei gjennomført eit større planarbeid for å sjå på korleis desse kryssa kunne slåast i saman til eit med ei rundkøyring. Dessverre vart det pga manglande midler valgt ei mellombels løysing med å utbedre krysset mot Sandeidvegen.

Det kompliserte trafikkbildet med trafikk som skal ut fra - og inn på den stadig meir trafikkerte E134 og i tillegg ein fotgjengerovergang midt inni dette, gjer at trafikktryggleiken ikkje synes ivareteken, korkje for køyrande eller gåande. Fotgjengerovergangen ligg nær Ølen Skule og blir mykje nytta av barn på vei til/fra skule.

Då eg tok opp dette spørsmålet i DUK [22. november](#) i fjor, fekk eg eit godt og utfyllande svar fra kommunedirektøren. Mellom anna skreiv han:

Ved ferdigstilling av krysset i Eiodalen påpeikte SVV at dei berre hadde gjort trafikktryggleikstiltak i dette krysset og at løysinga berre gjorde krysset meir trygt for køyrande og ut frå trafikkmengda på det tidspunktet. Det blei utarbeida ein trafikkanalyse som viste at utbetra kryss ikkje ville kunne ta unna trafikauke som følgje av full utbygging i Ølen næringspark og nytt handelsområde i Eiodalen.

Krysset ned til Ølen senter kan ikkje godkjennast som hovudkryss til eit sentrum og det er derfor skilta til Ølen sentrum ved kryss som går ned til hurtigbåtterminalen.

.....Kommunedirektøren vil leggje nytt trykk på utfordringa knytt til desse kryssa opp mot SVV. I første omgang vil me ta initiativ til eit møte med SVV i samband med gulstripe- prosjektet for å sjå om dette kryssa kan sjåast i samanheng med dette prosjektet.

Spørsmål:

-Kva for tilbakemeldingar har kommunedirektøren fått fra Statens Vegvesen på dette initiativet og kva er planen framover?

-korleis vil ordføraren jobbe for å få ei fullgod løysing når ein ser at utbygging av ny E134 vil ta lang tid og trafikkanalysen som konkluderer med at dagens løysing ikkje vil kunne ta unna trafikauken på ein trygg måte?

Svar lagt fram ved ordførar Ole Johan Vierdal (Sp):

Kommunen har hatt fleire møtepunkt med Statens vegvesen (SVV) knytt til gulstripe-prosjektet, sist på oppstartsmøte for regulering av strekninga. Det er ikkje aktuelt for SVV å utvide dette prosjektet til Ølen. I samband med etablering av Ølen Torg har kommunen også vore i kontakt med SVV knytt til dette krysset med ønske om å sjå det i samanheng med gul-stripe prosjektet, men SVV svarar at dei ikkje har midlar i dette område nå.

I neste DUK blir det lagt fram forslag til handlingsprogram for samferdsel der Rogaland fylkeskommune ber oss om å prioritere prosjekt på fylkesvegane våre. Fylkesveg 514 og fylkesveg 4760 og felles kryss for desse på Europavegen må absolutt med i dette forslaget, men prioriteringa blir sær sars vanskeleg opp mot andre store prosjekt som tunnel mellom Sandeid og Vikedal og Skipavåg- Igaltjørn på fylkesveg 46. I tillegg har me mange andre prosjekt som også skulle vore langt oppe på prioriteringslistene.

GRUNNGJEVE SPØRSMÅL v/ Kristian H. Resset, Bjoa bygdeliste

Tema: Arealbruk av havna i Vikedal

Alle medlemmer i kommunestyret mottok 18. juni 2021 e-post frå grunneigarar ved havna i Vikedal. Tema var bruken av havneanlegget og tilliggande friområde som bobilcamp om sommaren, og i kva grad dette er i strid med gjeldande regulering. Avsendarane ba om svar på problematikken og ytra ønske om politisk handsaming.

E-posten kom rett før møte i kommunestyret 22. juni 2021. Han vart ikkje omhandla som orienterings- eller referatsak. Underteikna stilte i møtet spørsmål til kommunedirektøren om korleis ein såg for seg å følgje opp mailen. Kommunedirektøren synta til orientering i formannskapet og sa elles at ein måtte sjå på saka vidare, mellom anna som framtidig reguleringssak.

Avsendarane la i fjor ved ei juridisk vurdering frå advokat. Denne meinte at arealbruken var lovstridig. Kommunen som forvaltningsorgan har avvist å følgje opp dette, noko som vart understreka i kommunedirektøren sitt svar til underteikna i kommunestyret. Avsendarane ba med tilvising til dette, samt det dei opplever som ein vanskeleg dialog med kommunen, om at politisk nivå engasjerte seg i saka. Dei stiller også spørjeteikn i kva grad kommunikasjon i saka er rett journal- og postlisteført.

Denne typen saker er alltid utfordrande, då det handlar om friksjon mellom lokale interesser, med eit spørjeteikn rundt samsvar med lov og regelverk i tillegg. Men i like stor grad handlar det om kommunen si handtering er med på å vera klargjerande og egna finne gode løysingar for involverte partar. I denne saka har dessutan kommunen to roller – som forvaltningsorgan og som grunneigar. Dette stiller krav til god og tydeleg kommunikasjon og ei aktiv haldning.

Avsendarane har vendt seg til kommunestyret. Sidan kommunestyret ikkje har sett meir til saka i tida som har gått, må det vera naturleg at ordføraren sit med ansvaret for oppfølginga.

Eg vil difor spørje ordføraren om følgjande:

Svar frå ordførar Ole Johan Vierdal (Sp) er lagt til mellom spørsmåla.

• Har avsendarane av e-posten 18. juni 2021 fått svar frå ordføraren?

Underteikna ordførar har ikkje svart avsendarane av e-posten. Henvendelsen kom i overgangen mellom underteikna og Madland som ordførar i kommunen. Etter det eg kjenner til, svarte heller ikkje fungerande ordførar Madland ut e-posten.

• I kva grad er kommunikasjon i saka journalført og synleg i offentleg postliste?

E-post til ordførar 18. juni 2021 er ikkje journalført og synleg i offentleg postliste. Fleire brev som er knytt til vår kommunale eigedom i Vikedal båthamn og våre avtaler om drift er journalført, men med arkivnøkkel som ikkje kjem ut på postlistene. Korrespondanse knytt til lovlegheitskontroll og nå siste brev er journalført og tilgjengeleg på offentleg postliste.

• Kva tenker ordføraren er beste oppfølging vidare i denne saka?

Vikedal båthamn (Gnr 68 bnr 42) er i kommunalt eige, men Vikedal båtforening disponerer arealet og driv Vikedal båthamn etter avtale datert 25.03.2003. Om lag dei siste 10 åra har båthamna i aukande grad blitt nytta til bubilparkering. I helger med stor utfart har det vore opp mot 30 bubilar på plassen. Mykje ekstra trafikk under korona gjorde at det blei gjennomført synfaring med naboar, båtforeninga og representantar frå kommunen og ein har søkt å finne løysingar som kjem naboane noko i møte, men som stamstundes ivaretar driftsgrunnlaget til båthamna.

Det er satt ei øvre grense på 32 bubilar samstundes på området. Det er satt opp fysisk skilje og plassane er oppmerka. Det er unntaksvis at talet på bubilar kjem så høgt. Dei fleste dagar i året er bruken godt innanfor det arealet som i dag er regulert til kombinert område.

Arealet som er avsett til friområde i planen er eit stort, oppgrusa areal som har vore nytta som p-plass sidan lenge før reguleringsplanen vart laga. Ein kan slik seie at arealet er sett av til formål friområde, men at dette ikkje er effektivt, på same måte som at hytta til Frøland ligg i regulert friområde og dermed er omfatta av akkurat dei same føresegner som friområdet elles, men framleis vert nytta til privat hytte.

Gjeldande reguleringsplan vart vedteke 17.6.2003. Reguleringsplanen skulle bidra til å legge til rette for turistsatsing i Vikedal, og båthamna var sentral i det å gi tilreisande eit interessant tilbod. Arealet nærast sjøen og på moloen er regulert til kombinert føremål som skal nyttast til «småbåthamn med tilhøyrande aktiviteter». Det resterande arealet båtforeninga disponerer er regulert til offentleg friområde der føresegnene seier «Off. friområdet kan opparbeidast med utebasseng, leikeplassar, grillplassar, danseplattung m.m. som fremmer området til bruk til fritid og rekreasjon.»

Bubilparkering i dag er ein naturleg aktivitet i båthamner over heile landet, og det er aktiviteten i båthamna som tiltrekker seg bubilar.

Avtalen med Båtforeninga går snart ut og kommunen vil i samband med utarbeiding av en ny avtale sikre at det blir gjennomført ein reguleringsendring for friområde som legg til rette for ønska framtidig bruk og naudsynte tilpassingar knytt til vegutbetring. Mindre endringar i utstrekning av det kombinerte formålet og presisering av føresegnar kan takast inn i denne revisjonen. Dette skal seinast vere gjennomført i løpet av 2023

INTERPELLASJON v/ Guri Ravatn På vegne av Vindafjord SV og Bjoa bygdeliste

Tema: Beredskap og oppfølging av kommunestyret sine vedtak

Interpellasjonar skal omhandla prinsipielle spørsmål. Vindafjord SV og Bjoa bygdeliste definerer oppfølging av kommunestyret sine vedtak som grunnleggande og viktig nok til å bruka tid på som interpellasjon. Beredskap og internkontroll er og grunnleggande, her blir desse tema knytt saman. Vindafjord kommune sine planar for beredskap og risiko har to gonger vore sak til handsaming i inneverande kommunestyreperiode. Saksområdet er komplisert og samansett, for både administrasjon og for oss politikarar. Dette vart synleggjort ved at den første saka med vedtak måtte gjerast om att, sist i juni 2021. Som folkevalde er me avhengige av administrasjonen sin kompetanse og av tillit til at vedtak vert følgde opp, samstundes som me er pliktige til å gjera eigne vurderingar og vedtak.

Kommunestyret handsama 22. juni 2021 sak KS-48/21: Heilskapleg Risiko- og Sårbarhetsanalyse. Etter endringsforslag frå Vindafjord SV og Bjoa bygdeliste gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

- 1. Vindafjord Kommunestyre vedtar den vedlagte Heilskaplege Risiko- og Sårbarhetsanalysen med tilhøyrande handlingsplan slik den ligg ved saka.*
- 2. Administrasjonen legg inn i handlingsplanen eit tiltak nr 2 under H14: - Legga mobildekning langs E134 inn på lista over prioritert utbygging og kontakta Statens vegvesen, Telenor m.fl for å få realisert denne.*
- 3. Konsekvens for punkt H21 IKT - hacking og/eller cyberangrep settes til svært høg og vurderast på nytt.*

Heilskapleg ROS-analyse er å finne på kommunen sine nettsider. Handlingsplan datert juni 2021 må ein få tilsendt ved å vende seg til kommunen. Endringane kommunestyret vedtok i juni 2021 er ikkje å finne, korkje i publisert eller tilsendt materiale.

På grunngeve spørsmål i oktober 2021, svara ordføraren at ikkje noko er gjort i høve oppfølging av prioriteringa som vart vedteken i punkt H14.

På dette grunnlaget ber me ordføraren svara på:

Svar frå ordførar Ole Johan Vierdal (Sp) er lagt inn mellom spørsmåla.

- Kva er rutine for oppfølging av vedtak gjort av kommunestyret?

Vedtak fatta av kommunestyret (og formannskap og utval) vert registert inn på kommunedirektøren si oppfølgingsliste for politiske vedtak. Tidlegare har dette vore ei separat liste ført i EXCEL, og lagra på kommunedirektøren si leiargruppe sitt lagringsområde/teamsområde. Frå og med januar 2022 vert FRAMSIKT sin modul for verksemdsplanar nytta, slik at all oppfølging av både budsjettvedtak og løypande politiske vedtak

gjennom året er samla på ein stad.

Kommunedirektøren følgjer i utgangspunktet opp politiske løypande, men har og oppfølgingsliste for politiske vedtak som fast agendapunkt ein gong i månaden på det vekentlege strategiske leiarmøtet

Normalt sett skulle kommunedirektøren ha rapportert oppfølgingslista over politiske vedtak i samband med tertialrapportering, men dette har dessverre falt ut ved ein del høve. Med overgang til oppfølging gjennom Framsikt vil oppfølging av politiske vedtak skje samstundes med øvrige rapporteringspunkt på tertialrapport og årsmelding. Kommunedirektøren beklagar at slik rapportering ikkje har vore god nok dei siste 2 åra, då det sannsynlegvis hadde gjort at kommunestyret i større grad var oppdatert på status på dei ulike vedtaka.

Oppfølging av løypande politiske vedtak må og vurderast opp imot kvarande og opp i mot dei vedtaka som er fatta gjennom mellom anna budsjett. Slik prioritering vert gjort løypande av kommunedirektøren i samarbeid med kommunalsjefane

- Er rutinane følgde i denne saka?

Rutinane er fulgt i denne saka, og oppdateringane kommunestyret bad om i overordna ROS med tilhøyrande handlingsplan vart gjort i dei dokumenta kommunedirektøren har arbeidd ut frå, men på grunn av ein glipp var dei ikkje ein del av dei publiserte dokumenta.

- Kva er status for oppfølging av innhaldet i dei to vedtaka som er sitert over?

Arbeidet med mobildekning langs E134 er lagt til det øvrige arbeidet med utbygging av både mobildekning og breiband i kommunen. Så langt har hovudfokus vore på å gjennomføre dei alt vedtekne prosjekta. Som det vart gjort greie for i sak FS 014/22 vil det bli jobba fram ei ny sak om ytterligare betring av mobildekning og breibandsdekning i Vindafjord Kommune når dei vedtekne prosjekta er ferdigstilt.

Ordførar er og kjent med at stortinget i juni 2021 påla regjeringa å innføre krav om samle inn fullstendig oversikt over «dekningshol» på eksisterande riksvegar og dekke kostnadane ved å fylle ut dette. Ordførar er ikkje kjent med regjeringa si oppfølging av dette vedtaket, men kjenner til at dei ulike mobilleverandørane kontinuerlig jobbar med å betre dekningsgrad, mellom anna langs E134.

I samband med spørsmål frå representanten Ravatn vart det i oktober 2021 retta en henvendelse til Telenor for å få klarlagt resultat av dekningsundersøking i 2021. Kommunen mottak aldri svar på denne henvendelsen

Når det gjeld oppfølging av vedtak om hacking og cybersikkerhet har Kommunedirektøren, gjennom Etne og Vindafjord IKT gjort ein rekke tiltak for å betre IKT-tryggleiken, mellom anna basert på erfaringane frå hendingane i Østre Toten kommune. Ordførar er av den oppfatning at informasjon om kva som er gjort her er av ein slik art at den bør vere unnateke offentlegheita.

- Kva er planlagd vidare for å få realisert dei to vedtekne punkta i handlingsplanen?

Når det gjeld oppfølging av handlingsplanen etter ROS vert det jobba kontinuerlig med denne. Ein del av tiltaka vert løyst innanfor rammene, eksempelvis mange av tiltaka knytt til IKT-tryggleik, medan mange av dei øvrige oppfølgingspunkta krev auka rammer, anten gjennom budsjettvedtak eller øvrige vedtak av kommunestyre, formannskap og andre politiske utval.

Når det gjeld mobildekning, planlegg kommunedirektøren å kome tilbake til kommunestyret med ei ny sak når dei vedtekne prosjekta er ferdigstilt. Det vil og rettast en henvendelse for å få klarlagt dekningsmåling langs E134 frå 2021, og det vil og blir jobba med å klarlegge regjeringa si oppfølging av stortingsvedtaket frå juni 2021.

Interpellasjon v/ Kristian H. Ressel, Bjoa bygdeliste:

Tema: Rapportering av kvalitet og tenestenivå innafor pleie og omsorg

Bakgrunn for interpellasjonen er prinsipielle sider ved korleis resultat og kvalitet vert rapportert frå kommunedirektøren. Vi har til dømes ein konkret og systematisk tilstandsrapport for grunnskulen. Utover konkrete tal som går på økonomi, får kommunestyret inga løpande rapportering på status og utvikling innafor kapasitet og tenestekvalitet i rammeområdet Helse og omsorg. Dette kjem i dag sparsomt fram knytta til overskrifta «status økonomi».

Eg vil utfordre kommunestyret til å vurdere om ei meir faktabasert og samanliknbar rapportering bør innførast også for tenesteområdet pleie- og omsorg som del av tertialrapporteringa. Det er viktig å starte ein stad – etterkvart vil det vera naturleg at status på tenestekvalitet også omfatter andre tenesteområder innafor rammeområde Helse og omsorg.

Eg meiner å starte med pleie og omsorg er viktig sidan

- det er gjort store politiske grep innafor området i økonomiplanperioden
- det er eit område der dei tilsette er, og vil vera, under stort omstillings- og arbeidspress
- det er eit område der vi veit at krava til ressurstilgang, organisering og tenestelevering vil auke drastisk i relativt nær framtid

Eg ber kommunestyret vedta følgjande:

Kommunestyret i Vindafjord ber kommunedirektøren innføre eit avsnitt «Status tenestekvalitet» innafor rammeområde «Helse og omsorg» i tertialrapport. Ved kvar rapportering bør det som minimum opplystast for perioden:

- Tal på tenestemottakarar av heimetenester i eigen heim, fordelt på indre og ytre sone
- Tal på tenestemottakarar av heimetenester i kommunal omsorgsbustad, fordelt på indre og ytre sone
- Tal på tenestemottakarar av langtidsplasser i institusjon
- Kor mange søknader om langtidsplass og heimetenester kommunen har motteke og kor mange som er innvilga/avslått
- Tal på klager på vedtak fatta etter søknad om langtidsplass og heimetenester
- Kor mange tenestemottakarar som er innvilga langtidsplass, men som ventar på å få denne tildelt (venteliste)
- Tal på tenestemottakarar av korttidsplass i institusjon
- Gjennomsnittleg, kortaste og lengste varighet på opphald i korttidsplass
- Tal på klager på tenestekvalitet i heimetenester og institusjon
- Tal på avvik på tenestekvalitet meldt inn i heimetenester og institusjon
- Tal som syner bruken av innkjøpte vikartenester

Kommunestyret ber om at denne rapporteringa vert inkludert frå og med rapport for 1. tertial 2022.

Eg føreset at alle desse tala er noko tenesteområda har løpande oversyn over og at ei vidarerrapportering av desse til politisk nivå i såpass romslege intervall som tertialrapport bør vera overkommeleg.

For å få ei forståing av kva som ligg bak omgrepa i dagens rapportering ber eg ordføraren ta greie på og svare på følgjande:

Heimetenester

I 2. tertialrapport 2021 seier kommunedirektøren følgjande under rammeområde Helse og omsorg om heimetenestene:

Heimetenester er etterspurt av brukarane og det gir dei god tenestekvalitet.

Spørsmål:

Svar frå ordførar Ole Johan Vierdal (Sp) er lagt inn mellom spørsmåla.

- **Kva faktagrunnlag og kriterie ligg til grunn for vurderinga «god tenestekvalitet»?**

Faktagrunnlaget her er tilbagemeldingar frå brukarar av heimetenester som er takksame for at kommunen tilbyr gode heimetenester. Dei fleste som kan bu heime i eigen bustad eller etterkvart omsorgsbustad ønskjer å bu slik så lenge som mogleg, sjølv om hjelpebehovet aukar og kan bli omfattande over tid. Dette betyr likevel ikkje at alle til eikvar tid vil være nøgde med det teneste tilbodet kommunen kan tilby. Forsvarleg og tilstrekkeleg er det tenestenivået kommunen forsøker å treffe, og for nokon vil det være under forventning.

God opplevd kvalitet er likevel ein god indikasjon på at det er god tenestekvalitet i Vindafjord kommune

- **På kva måter har ein omorganisert heimetenesta for å møte nye «omfattande og komplekse hjelpebehov»?**

Heimetenestene får stadig meir kompliserte sjukepleiaroppgåver, mellom anna innan kreftomsorg og palliasjon. Dette følgjer som ein del av samhandlingsreforma, at kommunane i større grad skal ferdigbehandle og gi omsorg når aktiv behandling ved sjukehuset er avslutta. For å løyse disse oppgåvene kan heimsjukepleien få veiledning frå spesialisthelsetenesten. Mellom anna harsjukepleiarar i heimetenester god videreutdanning og lang praksis innan fleire av desse ulike spesialiteter. Til no har det vore meir oppgåveendring og kompetanseendring og mindre omorganisering for å møte desse utfordringane. Den omorganiseringa som er gjort i heimetenesta er at heimetenesten har fått ansvaret for alle dagtilboda for eldre, fordi det i hovudsak er heimetenesten sine brukarar som er på dagtilbodet

Sjukeheimplassar

I 2. tertialrapport 2021 seier kommunedirektøren følgjande under rammeområde Helse og omsorg om sjukeheimane:

Slik det ser ut no er det grei balanse mellom talet på sjukeheimplassar og behovet i kommunen.

Spørsmål:

- **Kva er bakgrunnen for definisjonen «grei balanse» mellom talet på plassar og behovet?**

«Grei balanse» er nok meir ein observasjon enn resultatet av ein definisjon. I tida etter nedtrekket har ein fulgt situasjonen tett med tanke på ventelister og overliggande døgn på sjukehuset. Den første tida etter nedtrekket var det god kapasitet på plassar, etter sommaren(2021) og utover hausten endra situasjonen seg litt og ein fekk i periodar fleire overliggardøgn og ventelister i periodar. I starten på 2022 har ein ikkje hatt overliggardøgn på sjukehuset og stort sett fullt belegg på dei ulike avdelingane. Belegget på avdelingane kan variere frå veke til veke slik at det vanlegvis ikke er lang ventetid for sjukeheimplass. Det ligg som regel pasientar på korttidsavdeling i påvente av plass på lantidsavdeling, desse er då innvilga langtidsopphold. Når det i periodar er nokre på venteliste, har brukarane allikevel krav på forsvarlege og tilstrekkelige tenester, i form av korttidsopphald eller heimetenester.

- **Rommer omgrepet «sjukeheimplassar» både korttid og langtid, og er det i såfall nokon skilnad mellom desse tenestetilboda i høve til definisjonen «grei balanse»?**

Sjukeheimplassar er både korttid og langtid. Det er totaliteten i tilbudet som har noko å seie for om det er grei balanse i tilbudet.

Rekneskap kontroll og revisjon 2022, april

Budsjett hittil i år (hiå) er til og med periode 4. Rekneskapstal hiå er per 27. november 2022 for same periode.



Ansvar	Teneste	Art	Budsjett hiå	Rekneskap hiå	Avvik	Budsjett
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10800 Godtgjersle politiske verv	10 916	9 880	1 036	29 600
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10801 Møtegodtgjersle	7 376	16 972	-9 596	20 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10802 Tappt arbeidsforteneste	736		736	2 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	10990 Arbeidsgjevaravgift	2 584	3 786	-1 202	7 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11151 Bevertning	836		836	2 500
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11306 Utgiftsdekning telefoni		233	-233	
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11501 Opplæring og kurs	9 996		9 996	30 000
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11600 Skyss og kostgodtgjersle	1 568		1 568	4 700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11651 Andre opplysningspliktige godtgjersler	232		232	700
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	11950 Kontigentar	7 168	7 500	-332	7 500
1005 Politisk	1102 Kontrollutval	13801 Kjøp frå IKS	108 664	110 000	-1 336	220 000
Sum			150 076	148 371	1 705	324 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	11303 Banktenester og gebyr	0	1 000	-1 000	0
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	13801 Kjøp frå IKS	300 212	249 365	50 847	901 000
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	14290 Mva som gir rett til mva-komp.	75 053	62 341	12 712	225 250
1010 Økonomiavdeling	1100 Revisjon	17290 Mva-kompensasjon drift	-75 053	-62 341	-12 712	-116 250
Sum			300 212	250 365	49 847	1 010 000
Sum			450 288	398 736	51 552	1 334 000



VINDAFJORD KOMMUNE

Dato: 04.02.2022

Arkivsak-ID.: 22/404

JournalpostID: 22/2893

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/22	Kommunestyret	15.02.2022

Haugalandspakken - Forvaltningsrevisjonsrapport - sak frå kontrollutvalet til kommunestyret

Kontrolluvallet si tilråding:

Vindafjord kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten om «Haugalandspakken» til etterretning.

Kommunestyret 15.02.2022:

Behandling:

Kontrollutvalet si tilråding samrøystes vedtatt.

KS- 005/22 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten om «Haugalandspakken» til etterretning.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte til kontrolluvallet 26.januar vart sak 02/22 – Referatsaker behandla.

Referatsak nr 12 Forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken» vart vedtatt å sende vidare som sak til kommunestyret.

Saks- og faktaopplysningar

Sjå vedlegg

Vedlegg:

Særutskrift sak 02-22 Referatsaker

Forvaltningsrevisjonsrapport - Haugalandspakken



VINDAFJORD KOMMUNE

Dato: 04.02.2022

Arkivsak-ID.: 22/386

JournalpostID: 22/2767

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/22	Kommunestyret	15.02.2022

Vindafjord kontrollutval - Årsmelding 2021

Kontrollutvalet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.

Kommunestyret 15.02.2022:

Behandling:

Kontrollutvalet si tilråding samrøystes vedtatt.

KS- 006/22 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte til kontrollutvalet 26.januar vart sak 08/22 – Årsmelding for Kontrollutvalet behandla og sendt vidare som sak til kommunestyret.

Saks- og faktaopplysningar

Sjå vedlegg.

Vedlegg:

Vindafjord kontrollutvalet - årsmelding 2021

Særutskrift sak 08-22 Årsmelding

PROSJEKTMANDAT

Digitalisering og IKT

Vindafjord kommune, 2022

Bakgrunn

Norske kommunar leverer om lag 180 lovpålagte oppgåver. De fleste oppgåvene inneber kontakt med tenestemottakarar, innbyggjarar, offentlege eller private instansar, presse, osv.

Måten kommunen tar imot og svarar på førespurnadene, kan ha mykje å seia for den det gjeld. Korleis dette blir handsama vil òg ha verknad på kommunen sitt omdømme og legitimitet i befolkninga.

Det finns fleire lover og forskrifter som stiller krav til kommunen si handtering av førespurnader. Dei viktigaste generelle krava knytt til forsvarleg sakshandsaming finn vi i forvaltningslova. Dette er krav som omhandlar plikt til rettleiing, plikt til å grunngje og teieplikt, i tillegg til plikt til å ta hand om partsrettigheter, habilitet, klagerett og tidsfristar. I tillegg inneheld offentlegheitslova viktige prinsipp om offentlegheit, openheit og innsyn i sakshandsaminga.

Den generelle regelen om tidsfristar finn vi i forvaltningslova § 11a. Her heiter det at innkomne saker skal handterast utan ugrunna opphald. Dersom sakshandsaminga tar tid, skal det gis eit førebels svar med grunngjeving. Meir spesifikke tidsfristar finn vi i særlovar som til dømes plan- og bygningslova (med tidsfristar i byggesaker) og barnevernlova (frist for handtering av meldingar og gjennomføring av undersøkingar, mellom anna).

De fleste kommunane har i dag ulike løysingar for innbyggjarar som ynskjer kontakt. Dette kan vere telefon, e-post/ Digipost, kontakt via kommunen sin Facebook-side, chat, brev per post eller moglegheit for fysisk oppmøte. Gjennom sitt elektroniske sak- og arkivsystem forsøker kommunen å ta hand om krav til journalføring, arkivering, sakliste, møteprotokoll, restanseliste og innsyn.

For den einskilde innbyggjar vil det vere viktig å få nødvendig hjelp og svar. Innbyggjarane ventar rask responstid og god informasjon på kommunen sine nettsider. I dette prosjektet vil vi sjå nærmare på Vindafjord kommune sine rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader frå innbyggjarane, med et særskilt fokus på digitale førespurnader.

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Vindafjord kommune ba i møte 17.11.2021 om eit utkast til mandat for forvaltningsrevisjon.	<u>Problemstillingar:</u> • Korleis handterer kommunen førespurnader som kjem frå innbyggjarar i ulike kanalar? • Er kommunen sin sakshandsaming knytt til førespurnader i tråd med gjeldande lovkrav? • Korleis opplev innbyggjarane kontakten med kommunen, medrekna kommunen sine digitale kommunikasjonskanalar?
<u>Føremål:</u> Føremålet med prosjektet er å vurdere Vindafjord kommune sine rutinar og praksis for å ta imot og svara på førespurnader, med særskilt fokus på digitale førespurnader.	

Dersom datamaterialet skulle tilseie det, kan revisor gjere mindre endringar av problemstillingane undervegs. Større endringar må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventingar, og vil bli brukt til å vurdere funn frå dei undersøkingane som blir gjennomført. Kriteriene skal grunngjevast i, eller utleiast av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet kan følgjande kjelder vere aktuelle:

- Kommunelova
- Forvaltningslova
- Offentlegheitslova
- Kommunen sine retningslinjer for sakshandsaming

Undervegs vil det tas stilling til kva grad det er andre revisjon- eller vurderingskriterier som det er naturleg å inkludere i prosjektet.

AVGRENSNING OG METODE

Tilnærminga vil basere seg på ein gjennomgang av relevante dokument frå kommunen, intervju, samt spørjeundersøking/ intervju med innbyggjarar som har vore i kontakt med kommunen. I val av intervjuobjekt i kommunen vil vi ha eit særskilt fokus på helse- og omsorgstenestene og Plan og bygg. I spørjeundersøkinga vil vi blant anna undersøka korleis innbyggane vel å kontakta kommunen, om det digitale tilbodet er brukarvenleg og korleis innbyggane opplev responsen frå kommunen.

I prosjektet vil det òg vere naudsynt å gjere nokre avgrensingar med omsyn til saker som skal undersøkjast. Dette kan baserast på eit tilfeldig utplukk frå kommunen sin totale sakshandsaming, avgrensa til enkelte sakar i kommunen, til dømes klagesaker.

OMFANG

I prosjektet er det lagt opp til et tett samarbeid med representantar frå kommunen. Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er om lag 200 timar.



IKAs eiere og representantskap

Vår ref.
22/72-3/033/7

Deres ref.

Dato:
23.03.2022

Innkalling til representantskapsmøte 20. april 2022

Representantskapet ved Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS kalles med dette inn til møte onsdag 20. april kl. 10:00.

Sted: Arkivenes Hus i Richard Johnsens gate 12 på Ullandhaug i Stavanger.

Saksliste:	
01/22	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
02/22	Valg av referent og to representanter til å underskrive protokollen
03/22	Årsregnskap 2021
04/22	Årsmelding 2021
05/22	Budsjett og tilskudd for 2023
06/22	Økonomiplan for perioden 2023-2026
07/22	Valg av styre for 2022/23
08/22	Valg av valgkomite for 2022/23
09/22	Utarbeiding av eierstrategi og oppdatert selskapsavtale
10/22	Innkomne saker

Eventuelle saker som ønskes behandlet må være tilsendt administrasjonen innen 5. april.

For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene delta. Det er kun valgte representanter eller valgte vararepresentanter som kan delta på møtet. Vennligst gi beskjed snarest mulig om hvem som kommer til å representere kommunen/selskapet på møtet.

Etter at sakene er behandlet vil deltakerne bli tilbudt en omvisning på bygget. Alternativt kan man benytte tiden før lunsj på egen hånd til å utforske den europeiske vandrestillingen «[Konstruksjonen av Europa](#)». Det vil bli servert lunsj ca. kl. 11:45. Vi ber deltakerne gi beskjed på forhånd dersom de ikke ønsker å være til lunsj eller har allergier.

Med hilsen

Jostein Karlsen
Representantskapets leder

Tor Ingve Johannessen
Daglig leder

Vedlegg.



Haugaland brann og redning iks

Møteinnkalling

for

representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtested: Diktervegen 8, Haugesund

Møtedato: 22.04.2022

Tid: 09⁰⁰-12⁰⁰

Ved forfall skal varamedlem møte. Hvis ikke medlem eller varamedlemmet kan møte skal dette meldes brannsjef.

SAKSLISTE

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
22/006	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
22/007	Godkjenning av protokoll – representantskapsmøte 12.11.2022	Vedtak
22/008	Godkjenning av protokoll – representantskapsmøte 28.02.2022	Vedtak
22/009	Godkjenning av protokoll – representantskapsmøte 29.03.2022	Vedtak
22/010	Regnskap 2021	Vedtak
22/011	Årsmelding 2021	Vedtak
22/012	Hovedbrannstasjon - oppfølging	Vedtak
22/013	Pålegg fra Arbeidstilsynet for brannstasjoner	Vedtak
22/014	Arbeidsmiljø HBR - oppfølging	Orientering

Sted: Haugesund

Dato: 29.03.2022

Gerd Helen Bø
representantskapsleder

Dag Botnen
brannsjef

PROTOKOLL

Måndag 25. april 2022 blei det halde møte i representantskapet for **Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS**. Møtet blei leia av nestleiar/representantskapsleiar Trine Meling Stokland.

MØTESTART /MØTESLUTT	kl. 16.15 – kl. 17.45
MØTESTAD:	Tysvær rådhus, Aksdal
REPRESENTANTAR SOM DELTOK:	Trine Meling Stokland , Haugesund kommune Geir Aarvik , Karmøy kommune Kathrine Bakkevig , Tysvær kommune Ståle Tungesvik , Etne kommune Ruth Grethe Østebø Eriksen , Sveio kommune Dagfinn Birkeland , Sauda kommune Kristoffer Joachim Are , Bokn kommune Marte Eide Klovning , Utsira kommune(til kl. 17.00 - etter sakene og før orientering)
VARAREPRESENTANTER:	Mats Årvik , Vindafjord kommune (frå sak 6/22)
FORFALL:	Solvår Langeland , Vindafjord kommune Gerd Helen Bø , Suldal kommune og varaordfører
ANDRE SOM DELTOK:	Siv Bente Stople Østbø , styreleiar Odd Gunnar Høie , seniorrådgivar Toril Hallsjø , dagleg leiar

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Handsaming i møtet 25.04.22:

Organet var vedtaksfør då 8 eigarkommunane var representert ved møtestart. Frå kl.16.30 under sak 6/22 var 9 eigarkommunar representert.

Ingen merknader til innkalling og saksliste.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og saksliste til representantskapsmøtet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariatet IKS den 25.04.22 blir godkjent.

SAK 2/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTET 26.04.21

Handsaming i møtet 25.04.22:

Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Protokoll frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS sitt representantskapsmøte den 26.04.21 blir godkjent.

SAK 3/22 VAL AV REPRESENTANTSKAPSLEIAR OG NESTLEIAR UT PERIODEN

VALNEMNDA SI INNSTILLING:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Det blei ikkje sett fram motkandidatar. Kandidatane blei valt ved akklamasjon.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel ut perioden:

*som leiar av representantskapet: Trine Meling Stokland, Haugesund kommune
og som nestleiar: Ståle Tungesvik, Etne kommune*

SAK 4/22 GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG ÅRS-MELDING 2021

STYRET SI INNSTILLING:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Dagleg leiar gav eit kort resymé av meldinga. Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2021 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

SAK 5/22 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2021

STYRET SI INNSTILLING:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Dagleg leiar og styreleiar orienterte. Representantane hadde ingen merknader til rekneskapen. Geir Aarvik meinte det var viktig for leiinga å følgje reglane for anskaffingar ved avtale om ny ekstern rekneskapsførar. Styreleiar orienterte om bakgrunn for val i 2020 og at ho ville vere ugild i ei slik sak.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsrekneskapen for 2021 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik den ligg føre med eit overskot på kr 15 951.

Årets overskot vert lagt til eigenkapitalen.

SAK 6/22 BUDSJETT 2023**STYRET SI INNSTILLING:**

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Mats Årvik tok sete og 9 voterande. Leiar viste til at i innstillinga var det ulik sum mellom Karmøy og Haugesund, som sikkert var ein inkurie. Dagleg leiar stadfesta det. Geir Aarvik stilte spørsmål om det var naudsynt for selskapet å ha utgifter til revisjon. Dagleg leiar viste til at dette hadde vore undersøkt før og at IKS-lova krev at selskapet har revisor. Ho lova å sjekke om det var gjort endringar. Representantane ønskte ei snarleg tilbakemelding.

Styreleiar grunna val av prosentauke på 4 % basert på usikre prognosar, men ho presisterte at det var inga forskotering av kommande lønsforhandlingar. For selskapet utgjør ei auke med 0,5 % ein skilnad på kr 12.000.

Representantane hadde ingen merknader til budsjettet og slutta seg til innstillinga.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2023 med følgjande rammer:

Inntekter 2023		Utgifter 2023	
<i>Tilskot</i>	<i>2 394 000</i>	<i>Lønn- og sosiale utgifter</i>	<i>2.062 000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>-</i>	<i>Driftsutgifter</i>	<i>332 000</i>
<i>Inntekter totalt</i>	<i>2 394 000</i>	<i>Utgifter totalt</i>	<i>2.394 000</i>
<i>Resultat</i>	<i>0</i>		<i>0</i>

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2023 følgjande:

<i>Karmøy kommune</i>	<i>434 500</i>
<i>Haugesund kommune</i>	<i>434 500</i>
<i>Tysvær kommune</i>	<i>229 000</i>
<i>Vindafjord kommune</i>	<i>229 000</i>

<i>Sveio kommune</i>	<i>202 800</i>
<i>Sauda kommune</i>	<i>202 800</i>
<i>Etne kommune</i>	<i>202 800</i>
<i>Suldal kommune</i>	<i>202 800</i>

<i>Bokn kommune</i>	<i>133 000</i>
<i>Utsira kommune</i>	<i>122 800</i>

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

SAK 7/22 ØKONOMIPLAN 2023-2026

STYRET SI INNSTILLING:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Dagleg leiar orienterte. Representantane hadde ingen merknader til økonomiplanen.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2023-2026:

	2023	2024	2025	2026
Inntekter:				
<i>Tilskot</i>	<i>2.394.000</i>	<i>2.490.000</i>	<i>2.589.000</i>	<i>2.692.000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Totalt	<i>2.394.000</i>	<i>2.490.000</i>	<i>2.589.000</i>	<i>2.692.000</i>
Utgifter:				
<i>Lønn og sos. utg.</i>	<i>2.062.000</i>	<i>2.145.000</i>	<i>2.230.000</i>	<i>2.304.000</i>
<i>Driftsutgifter</i>	<i>332.000</i>	<i>345.000</i>	<i>359.000</i>	<i>388.000</i>
Totalt	<i>2.394.000</i>	<i>2.490.000</i>	<i>2.589.000</i>	<i>2.692.000</i>
<i>Resultat</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

SAK 8/22 STYREHONORAR

DAGLEG LEIAR SITT FRAMLEGG:

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Dagleg leiar og styreleiar orienterte. Ruth Ø. Eriksen meinte at det låg til valnemnda sitt arbeid å kome med framlegg til honorar. Leiar støtta det, og ho gjorde framlegg om at det blei tatt med i vedtaket for kommande reguleringar. Representantane støtta ei auke og leiar sitt tillegg.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godtgjort med kr 1500,- pr. møte frå 01.01.23. Styreleiar blir godtgjort med dobbel sats.

Representantskapet ber om at det vert lagt til valnemnda å kome med framlegg til styrehonorar ved seinare reguleringar.

SAK 9/22 VAL AV REVISOR**STYRET SI INNSTILLING:**

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Dagleg leiar orienterte om anbudsrunde kvar 4. år. Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet for HKS IKS vel KPMG AS som revisor for rekneskapsåret 2022.

SAK 10/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. KDDs organisasjonsdatabase «Rapport viser at kontrollutvala har fått meir å gjere»
2. KLP- markedsrapport for mars 2022
3. NKRF v/dagleg leiar Rune Tøkle «Hvorfor trenger vi kontrollutvalg»
4. Karmøy kommunestyre 07.02.22, sak 3 – nyvalg, bl.a. til HKS IKS
5. Oversikt over valde representantar og vara for 2019-2023 – oppdatert april 2022

Handsaming i møtet 25.04.22:

Dagleg leiar orienterte. Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Referatsakene 1- 5 blir tatt til orientering.

SAK 11/22 ADGANG TIL FJERNMØTE I REPRESENTANTSKAPET OG STYRET**DAGLEG LEIAR SITT FRAMLEGG:**

(som vedtak)

Handsaming i møtet 25.04.22:

Dagleg leiar orienterte om lovendringa sidan sist møte i fjor. Representantane hadde ingen merknader til innstillinga.

Representantane uttrykte glede over å kunne møte fysisk, men hadde også forståing for at nokre av representantane har lang reiseveg. På spørsmål viste representantskapsleiar til at det ikkje er mogeleg å kombinere fysiske og digitale møte for folkevalde.

Representantskapet meinte det var fint å få ein orientering om utvala sine aktiviteter og andre aktuelle emnar i etterkant av den formelle sakslista. Dei fleste var også positiv til møtestart kl. 16.00 neste år.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar at representantskapet kan avholdes som fjernmøter ved behov, ihht ny IKS-lov av 01.06.21.

YMSE

Ingen saker var meldt i forkant.

ORIENTERING

Kontrollutvala sin aktivitet i 2021, om rapporter innan forvaltningsrevisjon og handtering av henvendingar til kontrollutvala v/dagleg leiar

Dagleg leiar orienterte og viste sin presentasjon på skjerm. Representantskapet hadde mange spørsmål rundt tema. Representantskapet uttrykte at de syntes emnet var interessant.

Rekruttering av ny dagleg leiar

Styreleiar orienterte om at dagleg leiar har varsla at ho vil fråtre på nyåret. Styret har no sett i gang arbeidet med prosessen rundt rekruttering av ny i stillinga. Styret satsa på at ny dagleg leiar ville kunne tiltre ved årsskiftet.

Representantskapsleiar takka dagleg leiar for hennar innsats og virke gjennom mange år, og sidan det var hennar siste representantskapsmøte skulle ho ha fått blomar. Styreleiar lova på vegne av styret å sørge for ei fin avskjedsmarkering.

Planlagt møtedato neste år: måndag **24.04.23 kl. 16.00.**

Aksdal, 25. april 2022



Trine Meling Stokland (sign.)
representantskapsleiar



Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar

Innkalling

REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND VEKST **1/22**

DATO: fredag 29. april 2022

TID: kl. 08-09

STED: Teams

SAKSLISTE

Sak 01/22: Valg av møteleder

Sak 02/22: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 03/22: Behandling av årsregnskap 2021

Forslag til vedtak: *Representantskapet for Haugaland Vekst vedtar årsregnskapet med noter for 2021.*

Sak 04/22 Fastsetting av styrehonorar

Forslag til vedtak: *Det utbetales kr. 25 000 til styreleder og kr. 15 000 til hvert av styremedlemmene for 2021.*

Haugesund den 22. april 2022

Vibeke Vikse Johnsen
Styreleder

Inger K. Haavik
Konstituert daglig leder

Generalforsamling for 2021

Det innkalles herved til ordinær generalforsamling i Haugaland Kraft AS den **29. april 2022, kl. 10:00**. Generalforsamlingen avholdes på **Lille Maritim**, Quality Hotel Maritim i Haugesund. Til behandling foreligger følgende saker (jfr. vedtektenes § 8 og aksjelovens § 5-5):

Dagsorden / saker:

- Åpning av generalforsamlingen v/styrets leder
- Opprette fortegnelse over fremmøtte aksjeeiere og fullmakter
- Sak 01.22 Godkjennelse av innkallingen og dagsorden
- Sak 02.22 Valg av møteleder
- Sak 03.22 Valg av personer til å undertegne protokollen
- Sak 04.22 Redegjørelse om årets drift v/konsernsjef. Olav Linga
- Sak 05.22 Godkjennelse av resultatregnskap og balanse for Haugaland Kraft AS og konsernet for 2021, herunder anvendelse av årsoverskuddet og utdeling av utbytte
- Sak 06.22 Godkjennelse av revisors honorar
- Sak 07.22 Valg av styre
- Sak 08.22 Valg av valgkomité.
Selskapet har per i dag ikke mottatt forslag til kandidater til valgkomitéen. Vi forventer at disse fremmes på generalforsamlingen.
- Sak 09.22 Fastsettelse av godtgjørelse til styrets og valgkomitéens medlemmer

- Vedlegg:
- Årsrapport 2021
 - Valgkomitéens innstilling til nytt styre i Haugaland Kraft AS
 - Eiernes innstilling til valgkomité
 - Forslag til protokoll

Haugesund, 1. april 2022

Olav Linga
Konsernsjef

Velkommen til FKTs Fagkonferanse 2022 – 8.-9. juni på [Lily Country Club](#)

Årsmøtet vil bli holdt 8. juni, se [informasjon om årsmøtet](#)

Lily Country Club ble åpnet i 2020 og ligger på Kløfta, 10 min med buss fra Oslo Lufthavn Gardermoen. Se hotellets flotte [bildegalleri](#)

Hovedtema: (Vi tar forbehold om endringer)

- **Kontrollutvalget som bestiller**

Hvordan kan kontrollutvalget bli en kreativ og aktiv deltaker i utarbeidelse av risiko- og vesentlighets vurderinger og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll? Hvordan kan sekretariatet bidra og være en god tilrettelegger for kontrollutvalget? Hvilken rolle bør kontrollutvalget ha når innholdet i etterlevelseskontrollen skal bestemmes? Hva er nok for at etterlevelseskontrollen er dekkende for kontrollutvalget sitt påseansvar?

- **Henvendelser til kontrollutvalget**

Hvordan henvendelser til kontrollutvalget best kan følges opp, kan være vanskelig å avgjøre. Det er få kontrollutvalg og sekretariat som har avtalt faste rutiner for hvordan henvendelser skal mottas og følges opp. FKT har utarbeidet en veileder med en rekke anbefalinger som vi presenterer på konferansen.

- **Habilitet og rolleklarhet**

Hvorfor er habilitet og klare roller i forvaltningen så viktig når det skal tas beslutninger som har konsekvenser for folks liv og virke? Er tilliten til forvaltningens upartiskhet så avgjørende at man i små kommuner ikke kan leve med litt inhabilitet?

- **Varslingssystem i kommuner**

Arbeidstaker har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i arbeidsgivers virksomhet. Kommunene har plikt til å utarbeide rutiner for intern varsling, men har kommunene i dag forsvarlige kanaler som tar imot meldinger om kritikkverdige forhold? Flere kommuner har etablert eksterne kanaler for å sikre trygghet for varsleren. Vi vil presentere et eksempel.

- **Kommunedirektørens internkontroll**

[En ny veileder](#) fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet tar for seg de rettslige rammene for kommunedirektørens internkontroll. Målgruppen for veilederen er «kommuner og fylkeskommuner, statsforvaltere og andre tilsynsorganer, og andre aktører som er opptatt av internkontroll i kommunesektoren». Vi vil også legge vekt på eksempler – funn og erfaringer fra revisors arbeid. Det er flere rapporter som viser at grunnleggende internkontroll i kommunene har store svakheter.

Pris: 6 900 for medlemmer | 7 300 for andre | 1 090 for ekstra overnatting 7.- 8. juni

Påmeldingsfrist: tirsdag 19. april

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	04.05.22	11/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

KRISESENTER VEST IKS - ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå Krisesenter Vest IKS til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 26.01.22, sak 04/22 følgjande:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

26.01.22 Vindafjord Tomteselskap AS
 04.05.22 Krisesenter Vest IKS
 01.06.22 Landbrukets Hus Vindafjord AS
 07.09.22
 05.10.22
 16.11.22

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Utvalet kjem attende til saka i junimøtet, for å velja kven som skal orientera hausten 2022.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med føremålet til selskapet, status for drifta, økonomiske forhold og dei utfordringane selskapet har.

Det står mellom anna følgjande på nettsida til selskapet:

Krisesenter Vest IKS har 17 eierkommuner. Vi har avdelinger i Haugesund og på Stord. Alle kommuner er pålagt å ha et tilbud til innbyggere som er utsatt for vold eller trusler om vold i nære relasjoner. Krisesenteret gir et bo- og dagtilbud til kvinner, barn, menn og LHBT-personer. Vi har et stort team av faste ansatte med ulike utdanning og faglig kompetanse til å bistå personer som er utsatt for vold i nære relasjoner.

Det står mellom anna følgjande på www.Purehelp.no om selskapets føremål og eigarar:

Formål:

Selskapet skal, på vegne av eierkommunene, sikre etterlevelse av krisesenterlovas

§ 2 a), b) og c).

Selskapet skal være et rådgivende organ for eierkommunene i etterlevelse av lovens § 2 d).

Selskapet har ikke som formål å drive virksomhet som gir utbytte til eierkommune.

Oversikt over selskapets eiere:

<i>Karmøy Kommune</i>	<i>23.52%</i>
<i>Haugesund Kommune</i>	<i>20.21%</i>
<i>Stord Kommune</i>	<i>10.43%</i>
<i>Kvinnherad Kommune</i>	<i>7.83%</i>
<i>Bømlo Kommune</i>	<i>6.69%</i>
<i>Tysvær Kommune</i>	<i>5.89%</i>
<i>Vindafjord Kommune</i>	<i>4.88%</i>
<i>Sveio Kommune</i>	<i>2.97%</i>
<i>Sauda Kommune</i>	<i>2.79%</i>
<i>Etne Kommune</i>	<i>2.30%</i>
<i>Suldal Kommune</i>	<i>2.29%</i>
<i>Fitjar Kommune</i>	<i>1.74%</i>
<i>Tysnes Kommune</i>	<i>1.65%</i>
<i>Bokn Kommune</i>	<i>0.49%</i>
<i>Utsira Kommune</i>	<i>0.13%</i>
<i>Andre</i>	<i>6.19%</i>

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 27.04.22

Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	04.05.22	12/22
Formannskapet	31.05.22	
Kommunestyret	21.06.22	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2021

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Vindafjord kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2021
2. Revisjonsmelding for 2021 frå Rogaland Revisjon IKS v/revisor Tore Kristensen
3. Årsoppgjørnotat – dagsett 26.04.22
4. Årsmelding og årsrekneskap 2021 – eige vedlegg

Innleiing

Sekretariatet vil vise til vedlagte dokument. Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2021 ligg også på kommunen si nettside.

Forutan revisor, vil også kommunedirektør og økonomisjef delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 14-3 tredje ledd gje uttale om årsrekneskapet og årsmeldinga. Uttalen skal oversendast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttalen må vere klar før formannskapet skal gje si innstilling til årsrekneskapet og årsmeldinga.

Vidare står det også i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsmeldingen før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet.

Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast 15. april i følgje § 24-8. Administrasjonen har frist med levering av årsrekneskapen seinast 22. februar og årsmelding innan 31. mars.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen skal innehalde. Lova eller forskrifta stiller ikkje konkrete krav til kva uttalen skal innehalde, utover at den skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsberetning.

Det følgjer imidlertid av lova at kontrollutvalet si uttale skal inngå i grunnlaget for kommunestyret si handsaming av og vedtak om årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet si uttaleplikt må ses i ljøs av dette, og uttalen skal såleis knytte seg til forhold ved årsrekneskapet eller årsmeldinga.

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalet sin uttale vil dermed vere dei feil og manglar eller andre forhold som rekneskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til rekneskapsrevisjonen, jf. koml. § 24-5 til § 24-8.

Kontrollutvalet har eit ansvar for at det vert ført kontroll med økonomiforvaltninga. Dette kontrollansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt, og går utover kontrollen med sjølve rekneskapen og årsmeldinga som regnskapsrevisor har ansvar for. Kontrollutvalet si plikt til å uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga inneberer *ikkje* eit krav om at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunens økonomiforvaltning generelt, utover det som gjeld forhold ved årsrekneskapet eller årsmeldinga.

Det bør framkomme i uttalen om revisor har tatt atterhald eller har merknader i revisjonsberetninga eller har avgitt ein normalberetning. Det bør vurderast om dei formelle krava til årsmelding er følgt, jf. § 14-7 om kva ein årsmelding skal gjere greie for.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ivareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunens økonomi, og vil normalt omtale utviklinga i finansielle måltall i årsmeldinga, jf. kommuneloven § 14-7 punkt a).

Kontrollutvalet kan velje å kommentere utviklinga av måltalla. Det same gjeld kommunens økonomiske situasjon som heilskap, men dette må basera seg på årsmeldinga og må vere ei nøktern vurdering frå kontrollutvalet si side. Det er kommunestyret som har stått for alt låneopptak i ein kommune og kontrollutvalet skal ikkje kritisere slike disposisjonar.

Dersom frist for avgi årsrekneskapen eller årsmeldinga ikkje vert følgt, bør dette vurderast tatt inn i kontrollutvalet si uttale.

Det er formannskapet som skal avgi innstilling når det gjeld årsrekneskap og årsmelding.

Kontrollutvalet kan til dømes ha følgjande avslutning i sin uttale:

Kontrollutvalget er ikke kjent med andre forhold, fremkommet i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalgets uttalelse, jf. kommuneloven § 11-2. 5

Kontrollutvalget anbefaler at kommunestyret godkjenner årsregnskapet og årsmeldinga.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Vindafjord kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2021 og notar, revisjonsmeldinga, revisjonsrapport og kommunedirektøren sin årsmelding.

Årsrekneskapen

Rekneskapen for 2021 viser kr 645,5 mill. i generelle driftsinntekter. Brutto driftsresultat (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringer) ble på 14,7 mill. kroner, 2 mill. kr høgare enn fyrst budsjettert.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på 42,6 mill. kr, mot regulert budsjett på 1,1 mill.kr. Det utgjør 5,0 % av samla driftsinntekter.

Resultatet enda ca. 41,5 mill. kroner høgare enn budsjettert. I 2021 fekk Vindafjord kommune 35,2 mill. i eideomsskatt. Kommunen fekk om lag 16 millionar ekstra i rammetilskot knytt til koronapandemien i 2021.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningsutval (TBU) og KS tilrår at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent for å ha ein sunn økonomi. I 2020 var netto driftsresultatet på 5,8 %, og i 2021 var det 5,0 %. Resultatet ligg dermed godt øve det TBU tilrår.

Pr 31.12.2021 har Vindafjord kommune ei langsiktig gjeld, utanom pensjonsforpliktingane, på 554,6 millionar kroner. Startlån utgjør om lag 26,2 millionar kroner av gjelda. Totalt sett utgjør Vindafjord kommune si netto lånegjeld 54,5 %. Kommunens gjeldsgrad blir rekna for å vere på eit moderat/lågt nivå samanlikna med andre kommunar. Kommunen sitt disposisjonsfond utgjør 17,4 %.

Ved utgangen av 2021 var kommunen godt innafor alle dei tre handlingsreglane/måltala som kommunestyret har vedteke at det skal styrast etter og rapportert på.

Investeringsrekneskapen

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2021 er på 84,4 mill. kr. Regulert budsjett var på 203,7 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving og etterslep av investeringar.

Landet generelt

KOSTRA-tala frå SSB viser at kommunane i landet har eit samla netto driftsresultat i snitt på 4,3 % i 2021. Det er ei auke, då snittprosenten i 2020 var på 2,7 %. [Teknisk beregningsutvalg \(TBU\)](#), kor både Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigaste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi og tilrår ei netto driftsresultat på 1,75 prosent av brutto driftsinntekter. Årets tal viser at i 2021 var det 251 av 356 kommunar som klarte å innfri denne tilrådinga. Det er 47 fleire enn i 2020. Både KOSTRA-tall og rekneskapsundersøkinga til KS viser at spreininga i netto driftsresultat er stor i heile landet.

Totalt kunne **302** kommunar notere seg for eit netto driftsresultat betre enn 0 (null) i 2021, noko som er 15 fleire enn året før. I 2020 leverte 65 kommunar negativt netto driftsresultat, dette har i 2021 blitt redusert til **41** kommunar.

Driftsresultata blant kommunane på Haugalandet ligg alle øve tilrådd nivå, med Sauda kommune lågast med 2 % og Suldal kommune med høgast med 19,2 %.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen. Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er nokolunde dei same som tidligare år.

Årsmelding/årsrapport

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Den skal gjere greie for følgjande:

- a) *forhold som er viktige for å bedømme **den økonomiske utviklingen** og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,*
- b) *vesentlige beløpsmessige **avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet**, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,*
- c) *virksomhetens **måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning** for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,*
- d) *tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å **sikre en høy etisk standard**,*
- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder **kjønnslikestilling**,*
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle **arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.***

Årsrapporten gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har kommunedirektøren kome med mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

Og i 2021 var inntektssida av budsjettet unormalt. I heile kommunesektoren vart skatteinngangen betrakteleg høgre enn det som vart berekna ved kommuneproposisjonen frå mai 2020 og frå statsbudsjettet frå oktober 2020. Relativt til landsgjennomsnittet gjekk skatteinngangen for Vindafjord ned frå 112 % til 107 %, men ettersom den nasjonale skatteinngangen hadde ein så stor auke, sat vi likevel igjen med ein betrakteleg høgare skatteinngang enn budsjettet.

Vidare var både finansinntekter og -utgifter vesentleg betre enn budsjettet, noko som samla sett gav eit godt positivt bidrag for det økonomiske resultatet. Netto

driftsresultat på ca. 5 % er mykje høgre enn det budsjetterte og eit veldig godt resultat som styrkar dei økonomiske reservane til kommunen.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finner grunnlag for å kommentere desse. Kommunedirektøren skal då ha høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding, dagsett 14. april 2022. Revisor har avlagt så kalla rein melding eller standardberetning, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Vi har revidert Vindafjord kommunes årsregnskap som viser et positivt netto driftsresultat på kr 42 551 000. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2021, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsoppgjørdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- *oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og*
- *gir årsregnskapet en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Vindafjord kommune per 31. desember 2021, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.*

Revisor har, i tillegg til meldinga, også kome med eit Årsoppgjørssnotat. Revisor tilrår at kontrollutvalet føl opp negativ konklusjon på forenkla etterlevingskontroll (blir gjort greie for i eigen sak).

I Årsoppgjørssnotatet konkluderer revisor med at:

Vår vurdering er at vi gjennom vår revisjon har oppnådd betryggende sikkerhet for at regnskapet ikke inneholder vesentlige feil. Gjennomgang av årsmelding og bokføringsrutiner har heller ikke avdekket vesentlige avvik.

Våre konklusjoner om årsregnskapet, årsberetningen, budsjettoppfølgningen og registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger er positive.

Kontrollutvalget har i henhold til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 4 ansvaret for å påse at de merknader revisor har gjort, blir fulgt opp. Dette gjelder likevel ikke merknader som gjelder løpende forbedring og effektivisering av normal drift. For 2021 er det etter vår vurdering ikke avdekket forhold som kontrollutvalget plikter til å følge opp.

Vi vil anbefale at kontrollutvalget følger opp rutiner rundt lov om offentlige anskaffelser hvor det er avgitt negativ erklæring på forenklet etterlevelseskontroll.

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av kommunelova § 24-7. Kontrollutvalet skal vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i revisjonsrapporten eller noko anna revisjonen tar opp i møtet.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte ikkje at det er naudsynt å be om nokon tilbakemelding, med unntak av forenkla etterlevingskontroll, som blir handsama som eigen sak.

Kontrollutvalet sin uttale

KMD (kommunal og moderniseringsdepartementet) laga på nyåret 2020 ein rettleier i forhold til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding. Det som er vesentleg endra frå regnskapsåret 2020, er at uttalen frå kontrollutvalet også gjeld årsmeldinga.

Med bakgrunn i dette held sekretariatet seg til dei dokumenta (årsmelding/årsrapport) som kommunen har oversendt, og dessutan revisjonsrapport og revisjonsberetning frå revisor.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmelding som vedlegg 1.

Kontrollutvalet må elles vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil spesielt kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 27.04.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Vindafjord

Kontrollutvalet sin uttale om Vindafjord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 04.05.22, sak 12/22 handsama årsrekneskap og årsmelding for 2021 for Vindafjord kommune, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 14.04.22.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmelding dagsett 14.04.22, år oppgjør notat og kommunedirektøren si årsmelding 2021. I tillegg har revisor, kommunedirektør og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Vindafjord kommune har i 2021 eit positivt netto driftsresultat med 42,6 mill. kr, som utgjør 5,0 % av driftsinntektene. Resultatet i 2021 ligg over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2021, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 totalt sett gjer eit korrekt uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2021 og for kommunen sin økonomi pr. 31.12.21.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjøret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsmelding og årsrekneskap for i 2021 Vindafjord kommune.

Ølen, 04.05.22

Kristian H. Risset
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

Dokumentet er godkjent elektronisk

Til Kommunestyret i Vindafjord

Kopi:

 Kommunedirektør
Kontrollutvalget

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

